

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	07.03.2024	019/24
Kvam heradsstyre	14.03.2024	032/24

Avgjerd av:	Arkiv: N-504	Arkivsaknr
Saksh.: Nedkvitne, Jon	Objekt:	24/800 - 1

### Oppstart av arbeidet med planstrategi for Kvam herad for perioden 2024 -2027

#### **Behandling i politiske utval:**

#### **07.03.2024, FSK- 019/24 Vedtak:**

*Kvam heradsstyre vedtek å gå i gang med kommunal planstrategi for Kvam herad for perioden 2024 – 2027, jf plan- og bygningslova § 10-1. Arbeidet vert utført i samsvar med vedlagt notat «Innhald og prosess for kommunal planstrategi».*

#### **14.03.2024, HST- 032/24 Vedtak:**

*Kvam heradsstyre vedtek å gå i gang med kommunal planstrategi for Kvam herad for perioden 2024 – 2027, jf plan- og bygningslova § 10-1. Arbeidet vert utført i samsvar med vedlagt notat «Innhald og prosess for kommunal planstrategi».*

*Som formannskapet sitt forslag, men med følgjande tillegg: I dette notatet skal følgjande kulepunkt leggst til under punkt 3 i "Målsetjingar for prosjektet:*

*-Jordvern, kulturlandskap og naturmangfald*

*Heile teksten vert då sjåande slik ut:*

*3. Planstrategien skal innehalda ei drøfting av strategiske val knytt til:*

*Folketalsutvikling og samansetjing*

*God oppvekst og godt liv*

*Omstillingsdyktig næringsliv, rekruttering og kompetanse*

*Framtidig utbygging*

- ☑ *Klima- og miljøvenleg utvikling*
- ☑ *Jordvern, kulturlandskap og naturmangfald*
- ☑ *Transport- og infrastrukturbygging*
- ☑ *Effektive, digitale og innovative tenester og lokalsamfunn*
- ☑ *Deltakande innbyggjarar*
- ☑ *Mangfald og integrering*
- ☑ *Samfunnstryggleik*
- ☑ *Kommunal tenesteyting og forvaltning og utfordringar innafør kommunen sine tenestemråde*

---

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kvam heradsstyre vedtek å gå i gang med kommunal planstrategi for Kvam herad for perioden 2024 – 2027, jf plan- og bygningslova § 10-1. Arbeidet vert utført i samsvar med vedlagt notat «Innhald og prosess for kommunal planstrategi».

### **Samandrag:**

Heradsstyret skal minst ei gong i kvar valperiode, og seinast eit år etter konstituering, utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi, jf plan- og bygningslova § 10 -1. Føremålet er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp eller vidareføra, for å leggja til rette for ei ynskt utvikling. Eit viktig siktemål er å styrka den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast. Rådmannen vil alt no signalisera at samfunnsdelen er aktuell for revisjon, det gjeld og arealstrategiane og kommuneplanen sin arealdel. Hovudgrunnen for dette signalet er ein verden i rask endring og er alderen på kommuneplanen sin samfunnsdel i frå 2015.

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan, men ein arena for å drøfta utviklingstrekk og utfordringsbilete i kommunen som samfunn og organisasjon.

Arbeidet vert organisert som eit prosjekt med siktemål på vedtak av ny planstrategi i heradsstyret 14.11.2024

### **Vedlegg i saka:**

<b>Dok.id</b>	<b>Tittel</b>
172504	130220240Kommunal planstrategi -innhald og prosess (L)(661383)

### **07.03.2024 Kvam formannskap**

#### **Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 9 røyster

#### **FSK- 019/24 Vedtak:**

Kvam heradsstyre vedtek å gå i gang med kommunal planstrategi for Kvam herad for perioden 2024 – 2027, jf plan- og bygningslova § 10-1. Arbeidet vert utført i samsvar med

vedlagt notat «Innhald og prosess for kommunal planstrategi».

### **14.03.2024 Kvam heradsstyre**

Som formannskapet sitt forslag, men med følgjande tillegg: I dette notatet skal følgjande kulepunkt leggst til under punkt 3 i "Målsetjingar for prosjektet:

-Jordvern, kulturlandskap og naturmangfald

Heile teksten vert då sjåande slik ut:

3. Planstrategien skal innehalda ei drøfting av strategiske val knytt til:

- ☑ Folketalsutvikling og samansetjing
- ☑ God oppvekst og godt liv
- ☑ Omstillingsdyktig næringsliv, rekruttering og kompetanse
- ☑ Framtidig utbygging
- ☑ Klima- og miljøvenleg utvikling
- ☑ Jordvern, kulturlandskap og naturmangfald
- ☑ Transport- og infrastrukturutbygging
- ☑ Effektive, digitale og innovative tenester og lokalsamfunn
- ☑ Deltakande innbyggjarar
- ☑ Mangfald og integrering
- ☑ Samfunnstryggleik
- ☑ Kommunal tenesteyting og forvaltning og utfordringar innafør kommunen sine tenestemråde

#### **Røysting:**

Tilråding frå FSK vart samrøystes vedteke

Tilleggsframlegg frå Håvard Gjerde, R vart samrøystes vedteke

#### **HST- 032/24 Vedtak:**

Kvam heradsstyre vedtek å gå i gang med kommunal planstrategi for Kvam herad for perioden 2024 – 2027, jf plan- og bygningslova § 10-1. Arbeidet vert utført i samsvar med vedlagt notat «Innhald og prosess for kommunal planstrategi».

Som formannskapet sitt forslag, men med følgjande tillegg: I dette notatet skal følgjande kulepunkt leggst til under punkt 3 i "Målsetjingar for prosjektet:

-Jordvern, kulturlandskap og naturmangfald

Heile teksten vert då sjåande slik ut:

3. Planstrategien skal innehalda ei drøfting av strategiske val knytt til:

- ☑ Folketalsutvikling og samansetjing
- ☑ God oppvekst og godt liv
- ☑ Omstillingsdyktig næringsliv, rekruttering og kompetanse
- ☑ Framtidig utbygging
- ☑ Klima- og miljøvenleg utvikling
- ☑ Jordvern, kulturlandskap og naturmangfald

- ☒ Transport- og infrastrukturutbygging
- ☒ Effektive, digitale og innovative tenester og lokalsamfunn
- ☒ Deltakande innbyggjarar
- ☒ Mangfald og integrering
- ☒ Samfunnstryggleik
- ☒ Kommunal tenesteyting og forvaltning og utfordringar innafor kommunen sine tenestemråde

### **Saksopplysningar:**

Heradsstyret skal minst ei gong i kvar valperiode, og seinast eit år etter konstituering utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi, jf. plan- og bygningslova § 10 -1. Føremålet er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp eller vidareføra, for å leggja til rette for ei ynskt utvikling. Eit viktig siktemål er å styrka den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast.

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal heradsstyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast. Planstrategien er også eit viktig verktøy for å vurdera planressursar, og den samla trongen til kommunedelplanar, tema- og sektor (fag)planar, samt viktige offentlege reguleringsplanar. Strategien skal også ta stilling til om planar bør opphevast.

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan, men ein arena for å drøfta utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhenta synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Kommunen bør leggja opp til medverknad og allmenn debatt som grunnlag for handsaminga.

Forslaget til vedtak i heradsstyret skal og gjerast offentleg kjent, minst 30 dagar før handsaminga i heradsstyret.

### **Vurdering:**

I samsvar med plan- og bygningslova, skal heradsstyret vedta ny planstrategi innan fyrste året etter konstituering. Administrasjonen og politikarar har gjennom fire heradsstyreperiodar hausta erfaringar med korleis arbeidet kan gjennomførast utan at det vert for omfattande. Det viktigaste er å få samsvar mellom kommunen sine utfordringar og prioritering av planarbeid, samt organisera arbeidet i samsvar med tilgangen på kommunale ressursar.

Undervegs i arbeidet vil det verta utarbeidd ei folkehelseoversikt for Kvam herad (som er lovpålagt), samt eit kunnskapsgrunnlag. Dette vil arbeidet vil verta presentert for heradsstyret før sommaren 2024.

Rådmannen vil alt no signalisera at samfunnsdelen er aktuell for revisjon, det gjeld og arealstrategiane og kommuneplanen sin arealdel. Hovudgrunnen for dette signalet er ein verden i rask endring og er alderen på kommuneplanen sin samfunnsdel i frå 2015.

